



VALNEMNDA

INNKALLING

Møtedato:	19.11.2019
Møtestad:	Fjell rådhus - Møterom 107
Møtetid:	Kl 14:00

Medlemer som ikkje kan møta må snarast melda frå til Øygarden kommune,
via [politikarportalen](#) eller tlf. 56 38 54 03/e-post: bh@oygarden.kommune.no.
Er nokon ugilde i ei sak, må det meldast frå om dette.

Varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

15.11.2019

Nils Kåre Skoge
leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

SAKLISTE:

Sak nr.	Sakstittel
001/19	Val av administrasjonsutval for perioden 2019-2023
002/19	Val av eldrerådet for perioden 2019-2023
003/19	Val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne, for perioden 2019-2023
004/19	Val av ungdommens kommunestyre (UKS)
005/19	Val av kommunalt medlem og varamedlem til Øygarden kyrkjelege fellesråd for perioden 2019-2023
006/19	Val av representantar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval 2019 -2023



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	21.11.2019	024/19
Valnemnda	19.11.2019	001/19

Val av administrasjonsutval for perioden 2019-2023

Kommunen skal etter kommunelova § 5-11 ha minst eit partssamansett utval som skal behandle saker som gjeld forholdet mellom dei tilsette og kommunen som arbeidsgjevar. Det er kommunestyret sjølv som vel sine representantar, og det er dei tilsette som vel sine representantar blant dei tilsette. Kommunestyret må ta stilling til kor mange representantar utvalet skal ha og velja kommunale representantar, leiar og nestleiar.

Innstilling til vedtak:

Administrasjonsutvalet skal ha (antal) kommunale representantar med minst like mange varamedlemer.

Følgjande kommunale medlemer og varamedlemer vert vald til administrasjonsutvalet for perioden 2019-2023:

Medlemer	Varamedlemer

Leiar:

Nestleiar:

Dei tilsette sine organisasjonar vert invitert til å velje (antal) medlemer med varamedlemer for to år om gongen.

Saksopplysningar:

Føresegner om partssamansett utval (administrasjonsutval), er nedfelt i kommunelova § 5-11.

Administrasjonsutval er omtalt i [sluttrapport for politisk styringsstruktur som vart vedteke i Fellesnemnda 18.06.18](#) slik:

Administrasjonsutvalet skal handsama alle saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, men kommunelova gjev ikkje administrasjonsutvalet avgjerslemynde i enkeltsaker på vegner av kommunen. Administrasjonsutvalet vedtek nye reglement, større revisjonar og strukturendringar av reglement, endringar i reglement som medfører at rettar for dei tilsette fell bort, og endringar og tillegg som er underlagt arbeidsgjevar sin styringsrett.

Administrasjonsutvalet avgjer søknader som ikkje er dekte gjennom reglementet og dispensasjonar frå reglementet. Administrative endringar i reglement vert meld til administrasjonsutvalet.

Det står ikkje noko i rapporten om kor mange medlemer/varamedlemer utvalet skal ha og samansetjing av utvalet.

Etter [§ 5-11](#) skal alle kommunane opprette eit eller fleire partssamansette utval (administrasjonsutval). Utvala skal handsame saker som gjeld forholdet mellom dei tilsette og kommunen som arbeidsgjevar. Dette er eit utval som i hovudsak følgjer dei vanlege føresegnene om utval, jf. [§ 5-11](#) fjerde ledd og [§ 5-7](#). Lova opnar for andre ordningar dersom minst 3/4 av dei tilsette ønsker det.

Utvælet skal ha representantar for kommunen og dei tilsette, men fleirtalet av utvælet skal vere kommunen sine representantar. Det er kommunestyret sjølv som vel sine representantar, og det er dei tilsette som vel sine representantar blant dei tilsette.

For øvrig gjeld dei same føresegnene som for andre utval etter [§ 5-7](#).

Val av kommunen sine representantar kan skje ved avtaleval eller ved forholdsval, viss minst eitt medlem krev det.

Kommunestyret skal sjølv velje leiar og nestleiar for administrasjonsutvalet. Dette skal skje ved fleirtalsval.

I noverande kommunar har administrasjonsutvala vore samansett slik:

Øygarden kommune	Sund kommune	Fjell kommune
Arbeidsgjevarrepresentanta r:	Arbeidsgjevarrepresentanta r:	Arbeidsgjevarrepresentanta r:
5 valde av kommunestyret (formannskapet)	5 valde av kommunestyret	9 valde av kommunestyret (komité for drift og forvaltning sine medlemer)
3 representantar frå administrasjonen		
Arbeidstakarrepresentantar :	Arbeidstakarrepresentantar :	Arbeidstakarrepresentantar :
3 frå arbeidstakarorganisasjonan e	2 frå arbeidstakarorganisasjonan e	4 frå arbeidstakarorganisasjonan e

Vurdering:

Det er i mange kommunar vanleg at formannskapet sine medlemer supplert med representantar frå dei tilsette utgjer administrasjonsutvalet. Då sikrar ein seg at ordførar, varaordførar og sentrale politiske leiatar saman med rådmann, sit tett på personalpolitikken og kan delta i dialog med dei tilsette sine representantar. Dette gir også ein positiv signaleffekt innad i administrasjonen også i forhold til dei tilsette.

Formannskapet har 11 medlemer og sammen med f.eks. to representantar frå dei tilsette, blir det eit stort utval. Det kan difor vurderast om kommunestyret vel 5 til 7 medlemmer av formannskapet som arbeidsgjevar sine representantar i administrasjonsutvalet. Ein kan også vurdera andre samansetjingar.

Kommunestyret vel sjølv leiar og nestleiar. Dette skal skje ved fleirtalsval. Viss formannskapet (ev deler av dette) vert vald, er det naturleg at dette er ordfører og varaordfører.

Dei tilsette sjølv vel sine representantar når utvalet er oppretta. Dei vert da invitert av kommunestyret til å velje sine representantar for to år om gongen.



ØYGARDEN KOMMUNE

Arkiv: FE-033
Arkivsaknr: 19/105 - 1
Sakshandsamar: Unni Rygg

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	21.11.2019	025/19
Valnemnda	19.11.2019	002/19

Val av eldrerådet for perioden 2019-2023

Samandrag:

Øygarden kommunestyre skal velje eit eldreråd for valperioden 2019-2023. Eldrerådet er eit lovpålagt og rådgjevande organ for kommunen, og har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld eldre.

I saka ligg det også forslag til reglement for Øygarden eldreråd, til godkjenning. I reglementet er det lagt opp til 7 medlemer og varamedlemer i eldrerådet jf. tilråding i felles kommunestyremøte 21.06.2017. Fire av medlemene skal veljast etter forslag frå pensjonistforeiningar, og tre representantar valt av kommunestyret.

Kommunestyret skal såleis velje 7 medlemer og varamedlemer til eldrerådet for valperioden 2019-2023. Forslag til kandidatar frå pensjonistforeiningar er lagt fram i saka. Valnemnda må kome med forslag på tre representantar og vara, på vegne av kommunestyret. Fleirtalet av medlemene i eldrerådet skal ha fylt 60 år på valtidspunktet og det er krav om minst 40 % kjønnsrepresentasjon ved valet.

Dokument vedlagt saka:

Tittel

Senior Norge Hordaland - forslag til kandidatar nytt eldreråd

Øygarden Senior Høgre - forslag til kandidat nytt eldreråd

LOP Bergen og omland - forslag til kandidatar nytt eldreråd

Pensjonistlaga Fjell, Sund og Øygarden - korrigert framlegg til kandidatar nytt eldreråd

Øygarden Kristeleg folkeparti - forslag til kandidat nytt eldreråd

Vedtekter for Øygarden eldreråd

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vel følgjande 7 medlemer og varamedlemer til Øygarden eldreråd:

Medlem	Varamedlem
1. Politisk representant	1. Politisk representant
2. Politisk representant	2. Politisk representant
3. Politisk representant	3. Politisk representant
4. Frå pensjonistforeningar	4. Frå pensjonistforeningar
5. Frå pensjonistforeningar	5. Frå pensjonistforeningar
6. Frå pensjonistforeningar	6. Frå pensjonistforeningar
7. Frå pensjonistforeningar	7. Frå pensjonistforeningar

Valet gjeld for heile kommunestyreperioden 2019-2023.

2. Kommunestyret godkjenner vedtekter for Øygarden eldreråd, med følgjande endringar:

Eldrerådet er eit interesseorgan, medverknadsorgan og rådgjevande organ på vegne av dei eldre i kommunen.

Kommunelov, forskrift om medverknadsordningar og rettleiar for eldreråd

Ifølgje [ny kommunelov § 5-12](#) skal kommunestyret velje eit eldreråd for valperioden, og fleirtalet av medlemene skal ha fylt 60 år på valtidspunktet. Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjeld eldre.

I samband med ny kommunelov og føresegna om kommunen si plikt til å opprette råd for eldre, for personar med nedsett funksjonsevne og for ungdom, vart det fastsett forskrift om medverknadsordningar som gjeld for desse tre råda. [Forskrift om medverknadsordningar § 3](#) viser til at kommunestyret vedtek samansetjinga av eldrerådet og avgjør kor mange medlemer og varamedlemer eldrerådet skal ha. Organisasjonar som representerer eldre har rett til å fremje forslag om medlemer. Det er eldrerådet sjølv som skal velje leiar og nestleiar blant medlemene.

[Forskrift om medverknadsordningar § 2](#) viser til at rådet sin uttalerett medfører at kommunestyret skal legge fram alle saker som gjeld eldre til eldrerådet, og at saker må leggjast fram så tidleg at uttala frå eldrerådet har reell sjanse til å påverke utfallet av saka. Eldrerådet kan vidare ta opp saker på eige initiativ. Eldrerådet skal utarbeide ei årsmelding til kommunestyret om drifta av rådet. Kommunestyret har elles høve til å gje medlemer av eldrerådet både møte- og talerett i folkevalte organ.

Departementet har utarbeidd ein [rettleiar for eldreråd](#), som omtalar val av eldreråd. Etter ny kommunelov vert medlemene av eldrerådet rekna som folkevalte og med same retter og plikter som andre folkevalte. Eldrerådet vert definert som andre kommunale organ i kommunelova. Merk at kommunelova sine valbarheitsreglar ikkje gjeld ved val av medlemer til medverknadsorgana, slik som eldrerådet, og det er såleis ikkje eit krav at medlem er folkeregistrert i kommunen. Det er likevel sett inn som krav i lokale vedtekter at medlemer skal vere heimehøyrande i kommunen.

I tillegg til at organisasjonar som representerer eldre har rett til å fremje medlemer til

eldrerådet, så kan også andre organisasjoner sende inn forslag. Forslag til kandidatar bør helst vere grunngjeve jf. alder, yrkeserfaring, interessefelt, kompetanse.

Ved val av eldreråd skal kommunestyret ta utgangspunkt i forslaga sendt inn av organisasjoner, men også andre personar kan veljast til eldrerådet. Eit eldreråd bør vere bredd sett saman av medlemer med ulik erfaring og bakgrunn. Så lenge fleirtalet av medlemene har fylt 60 år, så kan også personar under 60 år veljast inn – t.d. pårørande til eldre. Det er krav om minst 40 % kjønnsrepresentasjon i rådet ved fleire enn fire medlemer. Det vil elles vere ein fordel med ein «politikarrepresentant», at banda mellom kommunestyret og eldrerådet vert styrka. Når det gjeld attval så er det ingen grense for kor mange gonger eit medlem kan veljast inn i eldrerådet.

Rettleiar for eldreråd viser vidare til at kommunestyret skal fastsette eit reglement for eldrerådet, som inneheld namn, formål, val, samansetjing, mynde, økonomi, administrasjon, saksbehandling, rutinar. Rettleiar for eldreråd gjev også dømer på saker som eldrerådet bør ha fokus på, som rådgjevande organ.

Reglement for Øygarden eldreråd

Lov, forskrift og rettleiar gjev styring for Øygarden eldreråd sine oppgåver. I tillegg har pensjonistlaga i Fjell, Sund og Øygarden kome med innspeil til drifta av rådet, som møte- og talerett for eldrerådet, og innspelet er teke med i tilrådd reglement.

Pensjonistlaga i Fjell, Sund og Øygarden har kome med innspeil i sitt framlegg om at eldrerådet skal få høve til å disponere midlar som kommunen får løyvd gjennom den kulturelle spaserstokken, som ei prøveordning for perioden 2020-2024. Forslaget er tatt vidare med kulturskulerektor, men det let seg ikkje gjennomføre, til orientering.

Forslag til vedtekter for Øygarden eldreråd ligg ved saka og må godkjennast av kommunestyret, med eventuelle endringar.

Samansetjing av Øygarden eldreråd

Fjell, Sund og Øygarden kommunestyre fekk lagt fram lik sak om etablering av ny kommune på møter 21.06.2017. I saka vart det mellom anna tilrådd at **nye Øygarden kommune skal ha eit eldreråd med 7 medlemer, derav 3 representantar valt av kommunestyret**. Tilrådinga var basert på eldrerådslova og tidlegare samansetjing av eldreråda. Eldreråda i Fjell, Sund og Øygarden kommune har halde fast på tilrådinga i kommunestyremøtet om samansetjinga av nytt eldreråd.

Med ny kommunelov og ny lovheimel for val av eldreråd står kommunestyret fritt til å velje samansetjing av eldrerådet innanfor lovkrava sine rammer. Det er krav om at fleirtalet av medlemene skal ha fylt 60 år på valtidspunktet, og det er krav om 40 % kjønnsrepresentasjon.

Administrasjonen har sendt ut oppmoding til organisasjoner som representerer eldre i Fjell, Sund og Øygarden kommune – Fjell pensjonistlag, Sund pensjonistlag, Øygarden pensjonistlag, Landslaget for offentlige pensjonister (LOP) Bergen og omland, Senior Norge Hordaland – om å fremje forslag til medlemer og varamedlemer til eldrerådet i Øygarden kommune 2019-2023.

Alle desse organisasjonane har sendt inn forslag til medlemer og varamedlemer til nytt eldreråd.

Pensjonistlaga i noverande Fjell, Sund og Øygarden har også kome med framlegg til endring av sjølve samansetjinga av Øygarden eldreråd. I forslaget vert det oppmoda om 9 medlemer og varamedlemer til eldrerådet, med 8 medlemer frå pensjonistorganisasjonar og 1 medlem, gjerne ein ung representant, som sit i kommunestyret. **Forslaget om endring av samansetjing av eldrerådet må det nye kommunestyret ta stilling til, sett opp mot tilrådinga i felles kommunestyremøte 21.06.2017.**

I tillegg til forslag om kandidatar frå desse pensjonistlaga så har Øygarden Senior Høgre kome med forslag til medlem, men ikkje til varamedlem. Kristeleg folkeparti (KrF) har også kome med forslag på ein kandidat til eldrerådet.

Alle kandidatane som er foreslått av pensjonistforeiningane som medlemer og varamedlemer er over 60 år, og med ei kjønnsrepresentativ fordeling. Ver elles merksam på at nokre av organisasjonane har lagt ved *grunngjevnad* som bakgrunn for forslaga. I sjølve saksframstillinga vert kandidatane lista opp med namn, alder og bustadkommune, men meir informasjon om kandidatane står skildra i vedlegga som er knytt til saka.

Forslag frå pensjonistforeiningar om kandidatar til eldrerådet for perioden 2019-2023:

Medlem	Varamedlem
Svein Olaf Drageland (64 år), Fjell (Pensjonistlaga*)	Egil Haaland (67 år), Fjell (Pensjonistlaga*)
Marit Karin Schmidt Lie (77 år), Fjell (Pensjonistlaga*)	Marit Kjelby (75 år), Fjell (Pensjonistlaga*)
Sverre Lorentz Bungum (83 år), Sund (Pensjonistlaga*)	Arne Øvretveit (73 år), Sund (Pensjonistlaga*)
Turid Kahrs (73 år), Sund (Pensjonistlaga*)	Kari Johnsen (76 år), Sund (Pensjonistlaga*)
Arne Magne Herdlevær (64 år), Øygarden (Pensj.laga*)	Arne Jagedal (66 år), Øygarden (Pensj.laga*)
Vigdis James (73 år), Øygarden (Pensjonistlaga*)	Odd Rong (79 år), Øygarden (Pensjonistlaga*)
Karin Florence Bjørrum (79 år), Fjell (Senior Norge Hordl.**)	Halvard Engh (71 år), Fjell (Senior Norge Hordl.)
Johnny Eide (67 år), Fjell (LOP***)	Brynhild Enerhaug (66 år), Sund (LOP***)
Berit Anita Knudtsen Larsen (77 år), Fjell (Ø. Senior Høgre)	Harald Rød (79 år), Fjell (Ø. Kristeleg folkeparti)

* Pensjonistlaga i Fjell, Sund og Øygarden (felles framlegg)

** Senior Norge Hordaland

*** Landsforeningen for offentlige pensjonister (LOP) Bergen og omland

Kommunestyret skal velje ut medlemer og varamedlemer til eldrerådet frå pensjonistforeiningane sine forslag. I tillegg må valnemnda kome med forslag på representantar og vara, på vegne av kommunestyret.

Økonomiske konsekvensar:

Utvalet er lovpålagt på lik line med UKS og kommunalt råd for personar med nedsett funksjonsevne og kostnader til godtgjersle er lagt inn i budsjettet for 2020.

Vurdering:

Øygarden kommunestyre skal velje eit eldreråd for valperioden 2019-2023. Eldrerådet er eit lovpålagt og rådgjevande organ for kommunen, og har rett til å uttale seg alle i saker som gjeld eldre.

Organisasjonar som representerer eldre har rett til å fremje kandidatar til eldrerådet. Det har kome inn forslag til kandidatar som er lista opp i saksframlegget, og med utfyllande informasjon om kandidatane i forslaga lagt ved saka.

Kommunestyret skal vedta samansetjing og tal medlemer for eldrerådet. I forslag til reglement for Øygarden eldreråd er det lagt opp til val av 7 medlemer og varamedlemer. Fire av medlemene skal veljast etter forslag frå pensjonistforeiningar, og tre representantar valt av kommunestyret. Valnemnda må kome med forslag på tre representantar og vara, på vegne av kommunestyret. Fleirtalet av medlemene i eldrerådet skal ha fylt 60 år på valtidspunktet og det er krav om minst 40 % kjønnsrepresentasjon ved valet.

Kommunestyret skal også godkjenne vedtekter for Øygarden eldreråd, med eventuelle endringar.

Øygarden Kommune

Dato, 16. sept. 2016

Eldrerådet i kommunen - kandidatar for perioden 2019-2023 - Seniorsaken.

Senior Norge er ein aktiv, partipolitisk nøytral senior- og pensjonistorganisasjon med medlemmar over heile landet. Mange medlemmar i organisasjonen har allsidig bakgrunn og god kompetanse, ein ressurs som kan nyttast til det beste for samfunnet - m. a. i kommunale Eldreråd. Samfunnet er i stadig endring, og Senior Norge trur det vil skje mykje på eldrefronten i tida framover. Og organisasjonen Senior Norge er aktiv på svært mange områder når det gjeld seniorar og pensjonistar i samfunnet.

Senior Norge trur at det kan vera ein fordel for kommunen å få med medlemmar fra ein nøytrale og upolitisk organisasjon i Eldrerådet. Då kan gjerne saker i rådet, få andre løysingar, kanskje den mest praktiske, og den beste løysinga - uavhengig av politiske synspunkt og program!

Senior Norge Hordaland føreslår følgjande medlemmar som kandidatar til kommunen sitt Eldreråd for perioden 2019 - 2023:

Represenrant:

Bjærum, Karin, Lungnesveien 11, 5354 Straume, tel 56 32 55 77 / 97 48 45 50
(vararepresentant i perioden 2015 - 2019)

Vararepresentant:

Halvard Engh, Halvardstjørna 28A, 5357 Fjell, tel 97010371

Venleg helsing
f. styret, Senior Norge Vestland

Odd Himle
(leiar)

Øygarden Senior Høgre – forslag til kandidat nytt eldreråd

Fra: Kjell Bergesen [mailto:kjell.bergesen@hotmail.com]

Sendt: 15. oktober 2019 07:45

Til: Rygg, Unni

Kopi: Berit Anita Larsen (Fjell eldreråd)

Emne: Forslag til medlem i Øygarden Eldreråd.

Styret i Øygarden Senior Høgre fremmer forslag på Berit Anita Knudtsen Larsen født 200642 som medlem til Øygarden Eldreråd for perioden 2020-2023.

Berit Anita Knudtsen Larsen har vært leder i Fjell eldreråd, leder i Øygarden Senior Høgre m.m.
(tilleggsopplysning pr. 30.10.19).

Vennlig hilsen

Øygarden Senior Høgre

Kjell Bergesen

Nestleder



Landsforeningen for offentlige pensjonister. Bergen og omland.

Øygarden kommune, eldrerådet,
v/ møtesekretær Unni Rygg

Kolltveit, 15.10.2019

Forslag på medlem og varamedlem til eldrerådet i Øygarden kommune 2019-2023

LOP, Bergen og omland har forslag om følgjande medlem og varamedlem til eldrerådet i Øygarden kommune 2019-2023

Medlem: Johnny Eide

Varamedlem: Brynhild Enerhaug.

Johnny Eide, fødselsår 1952

Bergalia 16
5360 KOLLTVEIT

e-post: eidejohnny@gmail.com

telefon: 41305375

Johnny Eide er leiar i Landsforeningen for Offentlige Pensjonister (LOP), Bergen og omland. Han er utdanna innan skuleverket, og før han blei pensjonist var han rektor i Fjell kommune i tida 1996 - 2017, siste sju åra ved Tranevågen ungdomsskule. Før det var han undervisningsinspektør ved Sund ungdomsskule i mange år.

Innan organisasjonslivet har han vore leiar for lokallaget i Skoleleder forbundet i ei årrekke, , og han er framleis med i forhandlingsutvalet for Fjell, Sund, Øygarden og Askøy. Han var også med på skipinga av Fjell kystlag i 1983 og er framleis med i styret der. Han var også med på skipinga av Fjell ungdomskorps i 1968, og lokal kyst- og musikkultur er såleis interessefelt som engasjerer, ved sida av eit generelt sterkt samfunnsengasjement.

Brynhild Enerhaug, fødselsår 1953

Inngjerdsvagen 12
5378 KLOKKARVIK

e-post: benerhaug@gmail.com

telefon: 90080096

Brynhild Enerhaug er vararepresentant til styret i Landsforeningen for Offentlige Pensjonister (LOP) Bergen og omland, og ho er kasserar der.

Ho er også leiar i Sund sokneråd og fellesråd, og er medlem i den kyrkjelege fellesnemnda for nye Øygarden kommune.

Ho har i mange år også vore medlem i fylkeslaget til Skolelederforbundet i Hordaland, og ho har vore aktiv i birøktarlaget.

Som yrkesaktiv arbeidde ho i skulen, først som lærar i Os og Sund kommunar, og seinare som undervisningsinspektør i Sund og Fjell (Ulveset skule), før ho avslutta yrkeskarrieren som avdelingsleiar ved Tranevågen ungdomsskule.

For begge kandidatene gjeld det at dei kjenner dei tre «gamle» kommunane svært godt, er samfunnsengasjerte og har lang røynsle og høg kompetanse innan organisasjonsarbeid og leiarskap.

Kandidatane er kjent med at dei er foreslått, og begge kan tenkja seg å jobba med eldresaker gjennom rådet.

Med venleg helsing

LOP, Bergen og omland

Johnny Eide
-leiari-

Nye Øygarden kommune
v/rådgjevar Unni Rygg
unni.rygg@fjell.kommune.no

Eldrerådet i Øygarden kommune 2019 – 2023

– korrigert framlegg datert 05.11.2019

I brev av 26.09.19 har vi fått oppmoding om å fremje forslag på medlemer og varamedlemer til Øygarden eldreråd 2019 -2023.

Pensjonistlaga i Fjell, Sund og noverande Øygarden er alle tilslutta Pensjonistforbundet. Vi kjem til å halde fram som tre sjølvstendige lag også etter kommunesamanslåinga. Vi gjer dette fordi vi vil halde på tett kontakt med medlemene våre også i åra framover.

Etter drøftingar laga imellom, har vi slikt framlegg/ innspel til Nye Øygarden kommunestyre:

Mandat for eldrerådet

Eldrerådet kan fritt og på eige initiativ ta opp saker som dei ønskjer å uttale seg om. Alle saker som gjeld levekåra for eldre, skal rådet få til handsaming. Eldrerådet må få sakene i rimeleg tid før endeleg avgjer i kommunestyret. Det same gjeld for saker der avgjerdssretten er delegert. Planlegging av møtetider for eldrerådet må ta omsyn til dette.

Når saker som eldrerådet har uttalt seg om, kjem til avgjerd i kommunestyret (eller til organ med delegert avgjerdssrett), kan ein representant for rådet få ordet for å presisere standpunkt eller klare opp i mistydingar. (jamfør forskrift for eldreråd, og pkt. 1.3 i rettleiaren)

Eldrerådet kan tildelast forvaltningsansvar over budsjettpostar som gjeld eldre. I perioden 2020-2024 disponerer eldrerådet midlar til «den kulturelle spaserstokken» .

Eldrerådet kan kalle inn representantar for administrasjonen når det er ønskjeleg med informasjon i einskildsaker eller saker av meir generelle natur.

Utover dette skal eldrerådet arbeide i samsvar med Lov om kommunar og fylkeskommunar, par. 5-12 og rettleiing for eldreråd (av 9.sept 2019)

Val av medlemmar til eldrerådet

Rådsmedlemene må hentast frå organisasjonar som har pensjonistar som einaste målgruppe og som har aktive lokallag i Nye Øygarden kommune. Våre tre pensjonistlaga i Nye Øygarden har gått saman om å presentere kandidatane våre.

I ein overgangsperiode trur vi det vil vere viktig at alle dei tre tidlegare kommunane er representerte i Eldrerådet med medlemer som kjem frå dei ulike områda i den nye kommunen vår og at dei gamle kommunane har likt tal på medlemer. Difor meiner vi også at det bør nyttast personlege varamedlemer som kjem frå same lag/organisasjon som den faste representanten.

Kommunestyra vedtok 21.06.17 at det skal vera 7 medlemer i Eldrerådet. Desse skulle være 4 frå pensjonistorganisasjonane og tre frå kommunestyret. (dei politiske partia)

Vi har drøfta dette nøyne og har framlegg om anna samansetjing av rådet. Mykje har endre seg sidan juni 2017.

Vårt framlegg er at det skal vere ni medlemer i Eldrerådet. Alle vert oppnemnde av kommunestyret. Åtte av desse kjem frå pensjonistorganisasjonar, medan ein medlem sit i kommunestyret. På det viset får Eldrerådet ein kopling til kommunestyret som kan fremje kontakt og samarbeid. Den valde må gjerne vera ein ung representant.

Når vi gjer framlegg om denne endringa, så er det mellom anna med bakgrunn i at Fellesnemnda har hatt tydeleg fokus på at medverknad frå innbyggjarane blir svært viktig i dei nærmaste åra.

Vi veit at den nye kommune vår møter tunge utfordringar innan omsorg og helse i åra som kjem. Då treng vi også eit vakent og offensivt Eldreråd som kan bli ein konstruktiv samarbeidspartnar for både den politiske og den administrative leiinga i kommunen. Difor er det viktig at rådet har brei samansetting frå heile den nye kommunen og at medlemene har god kontakt med den aktuelle aldersgruppa.

Pensjonistforbundet og vi som lokallag, er sterkt opptekne av at vi skal vera samarbeidspartnarar i den kommunale forvaltninga og at vi skal ha god kontakt med dei av medlemene våre som sit i eldrerådet. Slik kan vi sikra oss at saker vert førebudde på forsvarleg vis før handsaming og avgjerd i eldrerådet.

Vi vil også vera ein nyttig medspelar som formidlar informasjon og kunnskap ut til medlemene våre.

Kor godt eit eldreråd skal fungere, heng ikkje minst saman med korleis sekretærfunksjonen blir. Det er opp til den einskilde kommune å ordne med sekretærhjelp. Det nye lovverket seier berre at ansvaret ligg på kommunen, utan å talfesta hjelpa.

Vi minner elles om forskrifta som seier at kommunestyret og fylkestinget skal etablere rutinar som sikrar at råda mottek sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga at uttale frå råda gjer det mogeleg å påverke utfallet av saka.

Medlemstala i laga våre er oppgitt pr. 1.10.19, og er:

Fjell pensjonistlag 287 medlemer, Sund pensjonistlag 104 medlemer og Øygarden pensjonistlag 115 medlemer

Vi fremjar forslag på følgjande medlemer og personlege varamedlemer frå pensjonistlaga våre i den nye kommunen: (treng de meir info om personane må vi få beskjed)

Medlemer frå Fjell	Personleg varamedlemer
1 Svein Olaf Drageland , nestleiar i Fjell pensjonistlag, medlem i fleire organisasjonar, spesielle interesse er sikkerhet i heimen og historie.	1 Egil Haaland, leiar Fjell pensjonistlag, medlem styret Pensjonistforbundet Hordaland (2014 -), brei organisasjonserfaring, kommunestyremedlem i Fjell (1991 – 1997, og 2015 – 2019).
2 Marit Schmidt Lie , aktiv i mange organisasjonar med stor krets av personar, ansvar for seniorsymjing Straume.	2 Marith Kjelby, kasserar Fjell pensjonistlag, varamedlem i Fjell eldreråd
Medlemer frå Sund	Personleg varamedlemer
1 Sverre Bungum , leiar av Sund eldreråd 2001-2020, leiar av Sund pensjonistlag 2007 -2019, styremedlem i ein rekke organisasjonar, tidlegare medlem Sund kommunestyre og formannskap, varamedlem Sund kommunestyre 2019.	1 Arne Øvretveit, Interesefelt: frivillige lag og org., Forsvarsforeininga (fleire år), med i oppstart av Aktiv+, styremedlem Sund Pensjonistlag og LHL.
2 Turid Kahrs , leiar Sund pensjonistlag frå 2019, medlem i fleire frivillige lag og organisasjonar også med ulike verv i desse.	2 Kari Johnsen, tidlegare kommunestyremedlem i Sund, mange styreverv i ulike organisasjonar på lokalt og nasjonalt nivå.
Medlemer frå Øygarden	Personlege varamedlemer
1 Arne Herdlevær , tidlegare lang erfaring frå organisasjonsarbeid.	1 Arne Jagedal, leiar av Øygarden pensjonistlag.
2 Vigdis James , Jobbet i fylkeskommunen innen helse hele sitt yrkesaktive liv, engasjert i sosialt arbeid, pådriver for psykisk og fysisk hemmede så vel som syke og eldre mennesker.	2 Odd Rong, tidlegare medlem av Eldrerådet i Øygarden.

Med venleg helsing

Turid Kahrs

Arne Jagedal

Egil Haaland

Sund pensjonistlag

Øygarden pensjonistlag

Fjell pensjonistlag

Øygarden Kristeleg folkeparti (KrF) – forslag til kandidat nytt eldreråd

Fra: Torill Selsvold Nyborg [mailto:selsvold@gmail.com]

Sendt: 30. oktober 2019 00:15

Til: Rygg, Unni

Emne: Eldrerådet

Gjeldande Eldrerådet, 2019-2023

Kjære deg!

Kristeleg folkeparti vil føreslå **Harald Rød** som kandidat til Eldrerådet 2019-2023 i nye Øygarden kommune. Han er spurd og har sagt ja.

Rød har vore engasjert i frivillig arbeid, i kyrkja og det diakonale arbeidet gjennom mange tiår, og kjenner godt "folket" i den nye storkommunen. Han har også vore engasjert politisk i utviklinga av eldrepolitikken i Fjell då han var aktiv politikarar i kommunen.

Det er viktig at Eldrerådet som demokratisk organ har representasjon frå ulike interessegrupper, og eg håpar mange ulike lag og organisasjonar er blitt invitert til å mælda inn forslag på kandidatar.

Mvh. Torill Selsvold Nyborg

Gruppeleiar for KrF

Vedtekter for Øygarden eldreråd

§ 1 Føremål

Eldrerådet er eit lovpålagt og rådgjevande organ for kommunen. Eldrerådet skal representere interessen til eldre i kommunen, og sikre medverknad i alle saker som gjeld eldre.

§ 2 Val og samansetjing

Kommunestyret skal velje eit eldreråd for kommunestyreperioden, fire år. Kommunestyret skal vedta samansetjinga av eldrerådet og talet på medlemer og varamedlemer.

Fleirtalet av medlemene i eldrerådet skal ha fylt 60 år på valtidspunktet. Organisasjonar som representerer eldre har rett til å fremje forslag om medlemer til eldrerådet. Det er krav om at kvart kjønn er representert med minst 40 % av medlemene og varamedlemene i eldrerådet.

Eldrerådet skal vere sett saman av 7 medlemer og varamedlemer, heimehøyrande i kommunen. Fire av medlemene skal veljast etter forslag frå pensjonistforeiningar, og tre representantar valt av kommunestyret.

Det er eldrerådet sjølv som skal velje leiar og nestleiar blant medlemene.

§ 3 Oppgåver og mynde

Eldrerådet som rådgjevande organ for kommunen har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld eldre. Eldrerådet bør ha særleg fokus på:

- Årsbudsjett og økonomiplanar
- Plansaker, blant anna lokaliseringspolitikk, byutvikling, nærmiljøutvikling
- Transport og tilgjenge
- Bustadutbygging og reguleringssaker
- Helse-, pleie og omsorg, inkl. folkehelse og førebyggjande tiltak
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Frivilligheitspolitikk
- Tilsynssaker
- Digitalisering
- Medverknad og eldre som ressurs
- Årsmeldingar og rapportar frå etatar innan saksområder som gjeld eldre
- Andre aktuelle saker

Eldrerådet skal ikkje behandle saker som gjeld avgjersler ovanfor einskildpersonar.

Eldrerådet kan fritt og på eige initiativ ta opp saker som dei ønskjer å uttale seg om.

Eldrerådet får slik møte- og talerett i politiske organ;

Når saker som eldrerådet har uttalt seg om, kjem til avgjerd i kommunestyret eller til organ med delegert avgjerdssrett, kan ein representant for rådet få ordet for å presisere standpunkt eller klare opp i mistydingar.

Eldrerådet har rett til å uttale seg før kommunestyret set ned eit sekretariat, fastset saksbehandlingsreglar og vedtek budsjett for eldrerådet.

§ 4 Saksbehandling og rutinar

Eldrerådet vert definert som «andre kommunale organ» i kommunelova, og skal følgje saksbehandlingsreglar med møte, innkalling og saksliste og møtebok. Medlemene av eldrerådet vert rekna som folkevalte, med same retter og plikter som andre folkevalte etter kommunelova, og med behov for opplæring.

Rutinar må etablerast slik at alle saker som gjeld levekåra for eldre vert lagt fram til handsaming hos eldrerådet jf. eldrerådet sin uttalerett. Ei eventuell uttale frå eldrerådet skal følgje saksdokumenta til det organet som avgjer saka endeleg.

Saker må leggjast fram for eldrerådet på eit så tidleg tidspunkt at ei eventuell uttale har sjanse til å påverke utfallet av saka. Det gjer at eldrerådet må få sakene i rimeleg tid før endeleg avgjerd i kommunestyret. Det same gjeld for saker der avgjerdssretten er delegert. Planlegging av møtetider for eldrerådet må ta omsyn til dette.

Eldrerådet kan kalle inn representantar for administrasjonen når det er ønskjeleg med informasjon i einskildsaker eller saker av meir generell natur.

Eldrerådet skal få tilstrekkeleg med sekretariatshjelp frå kommunen sin administrasjon til å fungere godt.

Eldrerådet skal utarbeide ei årsmelding til kommunestyret om drifta av rådet.

§ 5 Økonomi og administrasjon

Eldrerådet kan tildelast forvaltningsansvar over budsjettpostar som gjeld eldre.

§ 6 Gjeldande reglement

Reglementet gjeld frå vedtak i Øygarden kommunestyre 21.11.2019. Utover dette skal eldrerådet arbeide i samsvar med Lov om kommunar og fylkeskommunar, særleg § 5-12, Forskrift om medverknadsordningar og Rettleiar for eldreråd (av 9.sept 2019).



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	21.11.2019	026/19
Valnemnda	19.11.2019	003/19

Val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne, for perioden 2019-2023

Samandrag:

Øygarden kommunestyre skal velje eit råd for personar med nedsett funksjonsevne for valperioden 2019-2023. Rådet er eit lovpålagt og rådgjevande organ for kommunen, og har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld personar med nedsett funksjonsevne.

I saka ligg det også forslag til reglement for Øygarden kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne, til godkjenning. I reglementet er det lagt opp til 7 medlemer og varamedlemer i rådet jf. tilråding i felles kommunestyremøte 21.06.2017. Fem av medlemene skal veljast etter forslag frå brukarorganisasjonar, og det skal veljast to kommunestyrerrepresentantar.

Kommunestyret skal såleis velje 7 medlemer og varamedlemer til råd for personar med nedsett funksjonsevne for valperioden 2019-2023. Forslag til kandidatar frå brukarorganisasjonane FFO og SAFO er lagt fram i saka. Valnemnda må kome med forslag på to representantar og vara, på vegne av kommunestyret, og medlemene bør vere menn. Det er krav om at kvart kjønn er representert med minst 40 % av medlemene og varamedlemene i rådet, noko som førebels ikkje er oppfylt.

Dokument vedlagt saka:

Tittel

Vedtekter for Øygarden kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne
SAFO - korrigert forslag til kandidatar nytt råd KPNF
FFO - korrigert forslag til kandidatar nytt råd KPNF

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vel følgjande 7 medlemer og varamedlemer til Øygarden kommunale råd for

personar med nedsett funksjonsevne:

Medlemer:

.....
.....

Varamedlemer:

.....
.....

Valet gjeld for heile kommunestyreperioden 2019-2023.

2. Kommunestyret godkjenner vedtekter for Øygarden kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne, med følgjande endringar:.....

Saksopplysningar:

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne er eit interesseorgan, medverknadsorgan og rådgjevande organ på vegne av personar med nedsett funksjonsevne i kommunen.

Kommunelov, forskrift om medverknadsordningar og rettleiar for råda for personar med nedsett funksjonsevne

Ifølgje [ny kommunelov § 5-12](#) skal kommunestyret velje eit råd for personar med nedsett funksjonsevne, for valperioden. Rådet er rådgjevande organ for kommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjeld personar med nedsett funksjonsevne. Denne gruppa er underrepresentert i dei alminnelege folkevalte organ, og difor er det viktig med medverknad gjennom råd.

Ifølgje [ny forskrift om medverknadsordningar § 3](#) er det kommunestyret som vedtek samansetjinga av og talet på medlemer og varamedlemer til rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Organisasjonar som representerer personar med nedsett funksjonsevne har rett til å fremje forslag om medlemer. Det er rådet sjølv som skal velje leiar og nestleiar blant medlemene. Rådet skal få tilstrekkeleg med sekretariatshjelp, og ha rett til uttale før nedsetjing av sekretariat, saksbehandlingsreglar og budsjett.

Rådet sin uttalerett i saker etter kommunelova er presisert i [forskrifta § 2](#), med krav om rutinar som sikrar tidleg saksbehandling slik at eventuell uttale som skal følgje saksdokumenta vidare har sjanse til å påverke utfallet av saka. Forskrifta klargjer at rådet kan ta opp saker på eige initiativ, men ikkje behandle saker som gjeld einskildpersonar. Rådet kan få mynde frå kommunestyret til å fordele løyingar, og dei kan få møte- og talerett i folkevalte organ. I tillegg skal rådet utarbeide ei årsmelding som skal leggjast fram for kommunestyret.

Departementet har utarbeidd eigen [rettleiar for råda for personar med nedsett funksjonsevne](#). Etter ny kommunelov vert medlemene av rådet for personar med nedsett funksjonsevne rekna som folkevalte og med same retter og plikter som andre folkevalte. Rådet vert definert som andre kommunale organ i kommunelova. Merk at kommunelova sine valbarheitsreglar ikkje gjeld ved val av medlemer til medverknadsorgana, slik som råd for personar med nedsett funksjonsevne, og det er såleis ikkje eit krav at medlem er folkeregistrert i kommunen. Det er likevel sett inn som krav i lokale vedtekter at medlemer skal vere heimehøyrande i kommunen.

Rettleiaren legg vekt på føremålsparagrafen i forskriften om medverknadsordningar; at rådet i

kraft av å vere eit kommunalt organ skal sikre brei medverknad, open medverknad og tilgjengeleg medverknad i saker som gjeld personar med nedsett funksjonsevne. Uttalar frå rådet er offentlege og såleis eit bidrag i den offentlege debatten i lokalsamfunna, på vegne av *alle* innbyggjarane i kommunen med nedsett funksjonsevne. Rettleiaren legg elles vekt på at rådet bør jobbe med saker på eit overordna nivå, t.d. budsjett- og kommuneplanar, likestilling, likeverdig tilgang til kommunale tenester, saker om universell utforming, og saker knytt til [FN-konvensjonen om rettar til personar med nedsett funksjonsevne](#).

Når det gjeld val av råd for personar med nedsett funksjonsevne så viser rettleiaren til at personar med ulik erfaring og bakgrunn bør sitje i rådet for å sikre breidda og mangfaldet. Organisasjonar for menneske med nedsett funksjonsevne har rett til å fremje forslag til kandidatar, jf. paraplyorganisasjonane Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar (SAFO) og Unge funksjonshemmde. Det vil vere krav om minst 40 % kjønnsrepresentasjon ved fleire enn fire medlemer i rådet. Rettleiaren peikar på at det ikkje er eit krav at valte representantar har funksjonsnedsetting, og slik sett kan både politikarar og pårørande med fordel utgjere ein del av rådet saman med personar med nedsett funksjonsevne. Det vil også vere viktig å få inn fleire unge i rådet med omsyn til prioritering av saker.

Rettleiar for eldreråd viser vidare til at kommunestyret skal fastsette eit reglement for rådet for personar med nedsett funksjonsevne, som inneheld namn, formål, val, samansetjing, mynde, økonomi, administrasjon, saksbehandling, rutinar.

Reglement for Øygarden kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne

Lov, forskrift og rettleiar gjev styring for oppgåvene til Øygarden kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne. Forslag til vedtekter for rådet ligg ved saka og må godkjennast av kommunestyret, med eventuelle endringar. Merk særskilt forslag til møte- og talerett.

Samansetjing av Øygarden kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne

Fjell, Sund og Øygarden kommunestyre fekk lagt fram lik sak om etablering av ny kommune på møter 21.06.2017. I saka vart det mellom anna tilrådd at **nye Øygarden kommune skal ha eit kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne med 7 medlemmar, derav 2 kommunestyrerrepresentantar.**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sund, Fjell og Øygarden kommune har hatt felles møter. I møtet 19.06.2019 vart det tilrådd at det nye rådet skal ha ni medlemer med personleg vara og følgjande samansetjing:

- tre medlemer med personleg vara frå interesseorganisasjonen SAFO
- tre medlemer med personleg vara frå interesseorganisasjonen FFO
- tre politisk valde medlemer, kommunestyrerrepresentantar, med personleg vara

Forslaget om endring av samansetjing av rådet for personar med nedsett funksjonsevne må det nye kommunestyret ta stilling til, sett opp mot tilrådinga i felles kommunestyremøte 21.06.2017.

Med ny kommunelov og forskrift står kommunestyret fritt til å velje samansetjinga av og talet på medlemer i rådet, innanfor lovkrava sine rammer. Det er krav om at kvart kjønn er representert med minst 40 % om rådet har fire eller fleire medlemer.

Administrasjonen har sendt ut oppmøding til organisasjonar som representerer personar

med nedsett funksjonsevne i Fjell, Sund og Øygarden kommune – FFO Øygarden (Fjell, Sund og Øygarden), SAFO Sørvest og Unge funksjonshemmede – om å fremje forslag til medlemer og varamedlemer til nytt råd i Øygarden kommune 2019-2023.

To av paraplyorganisasjonane, FFO og SAFO, har sendt inn forslag på representantar til rådet. Det har vist seg vanskeleg for organisasjonane å få nok representantar, og særleg mannlege representantar, til rådet. Etter ein dialog har organisasjonane endra samansetjinga av medlemer og varamedlemer og dei har kome med fleire kandidatar. Varamedlemene frå brukarorganisasjonane er i numerisk rekkefølgje då dei manglar kandidatar.

Forslag frå brukarorganisasjonane FFO og SAFO om kandidatar til kommunalt råd for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2019-2023:

Medlem	Varamedlem (numerisk)
Enid Andersen (69 år), Fjell (FFO) Britt-Marion Nonås (73 år), Fjell (FFO) Gunnar Angeltveit(73 år), Fjell (FFO)	1. Rune Kobbeltvedt (62 år), Fjell (FFO) 2.Mari Mikkelborg (70 år), Fjell (FFO)
Christel Borge Bersaas-Nesse (47 år), Sund (SAFO) Helene Arefjord (33 år), Fjell (SAFO)	Øystein Nesse (54 år), Sund (SAFO)

Merk – SAFO har i e-post datert 11.11.2019 kome med forslag til fleire tilleggskandidatar som kommunestyret fritt kan velje inn som ekstra vara / medlem frå SAFO dersom kommunestyret ynskjer å endre samansetjinga og talet på medlemer og varamedlemer i rådet:

Klara Ranveig Rong Fjeldstad (62 år, Øygarden); Svein Arthur Pedersen (58 år, Fjell); Frode Solberg (50 år, Øygarden).

Kommunestyret skal velje ut medlemer og varamedlemer til rådet for personar med nedsett funksjonsevne frå brukarorganisasjonane sine forslag. Sidan det berre er fem kandidatar frå FFO og SAFO så kan desse veljast inn. Dersom kommunestyret ynskjer å endre samansetjinga av rådet, så har SAFO kome med tilleggskandidatar som kan brukast på vegne av brukarorganisasjonen – også som ekstra vara.

I tillegg må valnemnda kome med forslag på representantar og vara til rådet, på vegne av kommunestyret, og medlemene bør vere menn med omsyn til kjønnsbalansen.

Økonomiske konsekvensar:

Utvælt er lovpålagt på lik line med eldreråd og UKS og kostnader til godtgjersle er lagt inn i budsjettet for 2020.

Vurdering:

Øygarden kommunestyre skal velje eit råd for personar med nedsett funksjonsevne for valperioden 2019-2023. Rådet er eit lovpålagt og rådgjevande organ for kommunen, og har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld personar med nedsett funksjonsevne.

Organisasjonar som representerer personar med nedsett funksjonsevne har rett til å fremje

kandidatar til rådet. Det har kome inn forslag til kandidatar som er lista opp i saksframlegget, og forslaga er knytt til saka som vedlegg.

Kommunestyret skal vedta samansetjing og tal medlemer for rådet. I forslag til reglement for Øygarden kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne er det lagt opp til val av 7 medlemer og varamedlemer. Fem av medlemene skal veljast etter forslag frå brukarorganisasjonar, og det skal veljast to kommunestyrerrepresentantar som bør vere menn med omsyn til kjønnsbalansen.

Kommunestyret skal også godkjenne vedtekter for Øygarden kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne, med eventuelle endringar.

Vedtekter for Øygarden kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne

§ 1 Føremål

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne er eit lovpålagt og rådgjevande organ for kommunen. Rådet skal representere interessene til personar med nedsett funksjonsevne i kommunen, og sikre medverknad i alle saker som gjeld personar med nedsett funksjonsevne.

§ 2 Val og samansetjing

Kommunestyret skal velje eit råd for personar med nedsett funksjonsevne for kommunestyreperioden, fire år. Kommunestyret skal vedta samansetjinga av rådet for personar med nedsett funksjonsevne og talet på medlemer og varamedlemer.

Organisasjonar som representerer personar med nedsett funksjonsevne har rett til å fremje forslag om medlemer til rådet. Det er krav om at kvart kjønn er representert med minst 40 % av medlemene og varamedlemene i rådet for personar med nedsett funksjonsevne.

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne skal vere sett saman av 7 medlemer og varamedlemer, heimehøyrande i kommunen. Fem av medlemene skal veljast etter forslag frå brukarorganisasjonar som SAFO og FFO, og det skal veljast to kommunestyrerrepresentantar.

Det er rådet for personar med nedsett funksjonsevne som sjølv skal velje leiar og nestleiar blant medlemene.

§ 3 Oppgåver og mynde

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld eldre som rådgjevande organ for kommunen. Særleg vil det gjelde saker om likestilling, likeverdig tilgang til kommunale tenester, og saker om universell utforming. Rådet bør også jobbe med saker knytt til FN-konvensjonen om rettar til personar med nedsett funksjonsevne, CPRD.

Fokus på likestilling, likeverd og tilgjenge vil vere gjeldande i dei fleste saker på overordna nivå:

- Årsbudsjett og økonomiplanar
- Plansaker, blant anna lokaliseringsspolitikk, byutvikling, nærmiljøutvikling
- Transport og tilgjenge
- Bustadutbygging og reguleringssaker
- Helse-, pleie og omsorg, inkl. folkehelse og førebyggjande tiltak
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Frivilligheitspolitikk
- Tilsynssaker
- Digitalisering
- Medverknad og personar med nedsett funksjonsevne som ressurs, særleg arbeidsdeltaking
- Årsmeldingar og rapportar frå etatar innan saksområder som gjeld personar med nedsett funksjonsevne
- Andre aktuelle saker

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne skal ikkje behandle saker som gjeld avgjersler ovanfor einskildpersonar.

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne kan fritt og på eige initiativ ta opp saker som dei ønskjer å uttale seg om.

Rådet får slik møte- og talerett i politisk organ;
Når saker som rådet for personar med nedsett funksjonsevne har uttalt seg om, kjem til avgjerd i kommunestyret eller til organ med delegert avgjerdssrett, kan ein representant for rådet få ordet for å presisere standpunkt eller klare opp i mistydingar.

Rådet har rett til å uttale seg før kommunestyret set ned eit sekretariat, fastset saksbehandlingsreglar og vedtek budsjett for eldrerådet.

§ 4 Saksbehandling og rutinar

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne vert definert som «andre kommunale organ» i kommunelova, og skal følgje saksbehandlingsreglar med møte, innkalling og saksliste og møtebok. Medlemene av rådet vert rekna som folkevalte, med same retter og plikter som andre folkevalte etter kommunelova, og med behov for opplæring.

Rutinar må etablerast slik at alle saker som gjeld levekåra for personar med nedsett funksjonsevne vert lagt fram til handsaming hos rådet jf. rådet sin uttalerett. Ei eventuell uttale frå rådet skal følgje saksdokumenta til det organet som avgjer saka endeleg.

Saker må leggjast fram for rådet for personar med nedsett funksjonsevne på eit så tidleg tidspunkt at ei eventuell uttale har sjanse til å påverke utfallet av saka. Det gjer at rådet må få sakene i rimeleg tid før endeleg avgjerd i kommunestyret. Det same gjeld for saker der avgjerdssretten er delegert. Planlegging av møtetider for rådet må ta omsyn til dette.

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne kan kalle inn representantar for administrasjonen når det er ønskjeleg med informasjon i einskildsaker eller saker av meir generell natur.

Rådet skal få tilstrekkeleg med sekretariatshjelp frå kommunen sin administrasjon til å fungere godt.

Rådet skal utarbeide ei årsmelding til kommunestyret om drifta av rådet.

§ 5 Økonomi og administrasjon

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne kan tildelast forvaltningsansvar over budsjettpostar som gjeld personar med nedsett funksjonsevne.

§ 6 Gjeldande reglement

Reglementet gjeld frå vedtak i Øygarden kommunestyre 21.11.2019. Utover dette skal Rådet for personar med nedsett funksjonsevne arbeide i samsvar med Lov om kommunar og fylkeskommunar, særleg § 5-12, Forskrift om medverknadsordningar og Rettleiar for råda for personar med nedsett funksjonsevne (av 9.sept 2019).

Til kommunestyret i Nye Øygarden kommune

Bergen/Os 28. oktober 2019

Forslag til representant til det kommunale rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Med henvisning til skriv Deres skriv av 26. september og veileder til kommunale råd for funksjonshemmede, foreslår Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner Sørvest;

Christel Borge Bersaas-Nesse
Bekkemyra 26
5382 SKOGSVÅG
Tel. 90615903
E-post christel@bkkfiber.no

Helene Arefjord
Storevarden 20
5350 BRATTHOLMEN
Tel. 45469881
Helene.arefaord@gmail.com

som våre representant til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Nye Øygarden kommune for perioden 2019-2023.

Tilleggsforslag pr. 11.11.2019:
Varamedlem Øystein Nesse
Brekkmøyra 26
5382 Skogsvåg.
Tel. 95931999 / oystein.nesse@lars.no

Med vennlig hilsen

Kai Esten Dale
Leder SAFO Sørvest

Arild Birkenes
Koordinator SAFO Sørvest

Samarbeidsforumet av Funksjonshemmedes Organisasjoner (SAFO) er en paraplyorganisasjon for organisasjonene Norges Handikapforbund (NHF) Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU) og Foreningen Norges Døvblinde (FNDB). SAFO Sørvest består av NHF Sørvest, NFU Rogaland, NFU Hordaland, og FNDB i Hordaland og Rogaland. SAFO Sørvest dekker fylkene Hordaland og Rogaland og vil samarbeide med SAFO Nordvest om saker av felles interesse etter fylkesammenslåingen av Sogn og Fjordane og Hordaland 1.1. 2020.

**FFO Øygarden innstiller følgende medlemmer og varamedlemmer til
Rådet for mennesker med nedsatt funksjon for perioden 2019-2023.**

Medlemmer.

- 1) Enid Andersen, tlf 92453418.
- 2) Britt Nonås, tlf 90690133.
- 3) Mary Mikkelborg, tlf 95125890.

Varamedlemmer.

- 1) Rune Kobbeltveit, tlf 99540679.
- 2) Gunnar Angeltveit, tlf 90803474.

For FFO Øygarden: Neststleder, Anne-Karin Gørbitz

Anne-Karin Gørbitz
Tlf. 99562313

Mail: agoerbi@online.no

Korrigert forslag pr. 30.10.2019:

Etter oppmoding fra administrasjonen har rådet endra plass på følgjande medlem og
varamedlem for å sikre kjønnsfordeling blant medlemene og varamedlemene:

Nytt medlem: Gunnar Angeltveit
Nytt varamedlem: Mari Mikkelborg



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	21.11.2019	027/19
Valnemnda	19.11.2019	004/19

Val av ungdommens kommunestyre (UKS)

Samandrag:

Øygarden kommunestyre skal velje eit råd for ungdom, ungdommens kommunestyre (UKS). Kommunelova viser til at valet av UKS har ein valperiode på 2 år. Rådet er eit lovpålagt og rådgjevande organ for kommunen, og har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld ungdom.

I saka ligg det også forslag til reglement for ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden, til godkjenning. I reglementet er det lagt opp til 11 medlemer i UKS i alderen 13-19 år. Som grunnlag for samansetjinga skal det veljast eit medlem frå kvar av dei fem ungdomsskulane, fire medlemer frå vidaregåande skule, og to fristilte medlemer frå organisasjonar. Det skal også veljast varamedlemer til UKS.

Kommunestyret skal såleis velje 11 medlemer og varamedlemer til UKS for to år, 2019-2021. Forslag til kandidatar er fremja i saka. Medlemene kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet, og det er krav om minst 40 % kjønnsrepresentasjon ved valet.

Kommunestyret skal også velje fast politisk kontaktperson, med møte- og talerett, til ungdommens kommunestyre (UKS) for kommunestyreperioden 2019-2023.

Dokument vedlagt saka:

Tittel

Vedtekter for ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vel følgjande 11 medlemer og varamedlemer (7) til ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden:

Medlemer:	Varamedlemer:
Adrian Aas Kleppe, 14 år (Fjell u.skule)	Anniken Schutz, 13 år (Fjell u.skule)
Marte Fjell Brommeland, 13 år (Tranев.u)	Konrad Ørn, 12 år (Tranevågen u.skule)
Ingrid Skjold, 14 år (Danielsen u.skule)	Leo Jung, 14 år (Danielsen u.skule)
Håkon Øvretveit, 14 år (Sund u.skule)	Ida Kvammen Rosendal, 14 år (Sund u.skule)
Rowena Risłøw, 13 år (Øygarden u.skule)	Stefan Blom, 13 år (Øygarden u.skule)
Stine Lundmark, 16 år (Sotra vgs)	Therese Dyrøy, 17 år (Sotra vgs)
Viktoria Gushkova, 16 år (Sotra vgs)	
Geir Ove Spjeld, 15 år (Sotra vgs)	
Emil Øvretveit, 16 år (Amalie Skram vgs)	
Karoline Sæle Einevoll, 14 år (MOT)	Marie Mjøs, 15 år (MOT)
Thomas Mikal Hornnes, 15 år (MOT)	

Valet gjeld for to år, 2019-2021.

2. Kommunestyret vel følgjande representant som fast politisk kontaktperson for ungdommens kommunestyre (UKS) for kommunestyreperioden 2019-2023:.....
3. Kommunestyret godkjenner reglement for ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden, med følgjande endringar:.....

Eit kommunalt ungdomsråd, eller ungdommens kommunestyre (UKS) som er formuleringa til bruk i Øygarden, er eit lovpålagt interesseorgan, medverknadsorgan og rådgjevande organ på vegne av dei unge i kommunen.

Kommunelov, forskrift om medverknadsordningar og rettleiar for ungdomsråd

Ifølgje [ny kommunelov § 5-12](#) skal kommunestyret velje eit ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, for ein valperiode på inntil to år. Kommunelova seier vidare at medlemene ikkje skal ha fylt 19 år på valtidspunktet. Ungdommens kommunestyre (UKS) er rådgjevande organ for kommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjeld ungdom.

[Plan- og bygningslova § 5-1](#) gjev også kommunen eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad i planlegging frå grupper som krev særskilt tilrettelegging, som barn og unge.

Ifølgje [ny forskrift om medverknadsordningar § 3](#) er det kommunestyret som vedtek samansettinga av og talet på medlemer og varamedlemer til ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom. Organisasjonar som representerer ungdom har rett til å fremje forslag om medlemer. Det er rådet sjølv som skal velje leiar og nestleiar blant medlemene. Rådet skal få tilstrekkeleg med sekretariatshjelp, og ha rett til uttale før nedsetjing av sekretariat, saksbehandlingsreglar og budsjett.

Rådet sin uttalerett i saker etter kommunelova er presisert i [forskrifta § 2](#), med krav om rutinar som sikrar tidleg saksbehandling slik at eventuell uttale som skal følgje saksdokumenta vidare har sjanse til å påverke utfallet av saka. Forskrifta klargjer at rådet kan ta opp saker på eige initiativ, men ikkje behandle saker som gjeld einskildpersonar.

Rådet kan få mynde frå kommunestyret til å fordele løyingar, og dei kan få møte- og talerett i folkevalte organ. I tillegg skal rådet utarbeide ei årsmelding som skal leggjast fram for kommunestyret.

Departementet har utarbeidd ein eigen [rettleiari for ungdomsråd](#). Etter ny kommunelov vert medlemene av UKS rekna som folkevalte og med same retter og plikter som andre folkevalte. UKS vert definert som andre kommunale organ i kommunelova. Det er krav om kjønnsbalanse også ved val til UKS. Merk at kommunelova sine valbarheitsreglar ikkje gjeld ved val av medlemer til medverknadsorgana, slik som UKS, og det er såleis ikkje eit krav at medlem er folkeregistrert i kommunen. Det er likevel sett inn som krav i lokale vedtekter at medlemer skal vere heimehøyrande i kommunen.

Kommunelova sitt krav om alder i rådet, at medlemer ikkje kan ha fylt 19 år på valtidspunktet, medfører at det i all hovudsak er ungdom utan stemmerett som er representert. Rettleiaren viser til at eit kommunalt ungdomsråd skal fungere som ungdommen sitt talerøyr, og at meiningsane som vert nedfelt i uttalar frå UKS skal bli tatt på alvor og kunne påverke politiske avgjersler før endeleg vedtak. Ved at ungdom deltek i prosessar og ytrar meininga si så kan kommunen få vite om behov og etablere meir treffsikre tenester.

UKS som kommunalt organ må følgje saksbehandlingsreglar med møte, innkalling, saksliste og møtebok for å kunne behandle saker etter oppsett møteplan. Dokumenta er offentleg tilgjengeleg og blir publisert av sekretariatet på kommunen si heimeside. UKS sitt sekretariat har rolle som koordinator og skal fungere som rettleiar, «hjelpende hand», og bindeledd mellom ungdomane og dei som tek avgjersler slik at rådet fungerer etter intensjonen.

Rettleiar for ungdomsråd viser vidare til at kommunestyret skal fastsette eit reglement for rådet, som inneheld namn, formål, val, samansetjing, mynde, økonomi, administrasjon, saksbehandling, rutinar. Rettleiar for ungdomsråd gjev også dømer på saker som UKS bør ha fokus på, som rådgjevande organ.

Reglement for ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden

Lov, forskrift og rettleiar gjev styring for oppgåvene til ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden. Forslag til vedtekter for UKS ligg ved saka og må godkjennast av kommunestyret, med eventuelle endringar. Merk særskilt forslag til møte- og talerett.

Det vert foreslått ei eiga tilskotsordning som vert driven av ungdommens kommunestyre (UKS). Kommunestyret vil avgjere sum disponibel for tilskotsordninga ved årleg budsjettbehandling. UKS vil lage retningslinjer for tilskot som kan delast ut etter søknad til aktivitetar og tiltak som kjem ungdomen i Fjell til gode.

Samansetjing av ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden

- Prosessen fram til avgjersle om tal medlemer og samansetjing av utvalet

Fjell, Sund og Øygarden kommunestyre fekk lagt fram lik sak om etablering av ny kommune på møter 21.06.2017, og det vart gjeve føringar om samansetjing og tal medlemer for lovpålagnede utval. Ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom vart fyrt lovpålagt med ny kommunelov og kommunestyrevalet 2019. Ungdommens kommunestyre (UKS) er likevel omtala i slutrappport frå Utval for politisk styringsstruktur, der det vert vist til

noverande samansetjing i Fjell kommune med 11 medlemer i alderen 13-19 år, valde frå vidaregåande skule, ungdomsskular og ungdomsklubbar i kommunen.

For at ungdomen sjølv skal bli høyrt om rammer for nytt organ i den nye kommunen, så har koordinatorar tatt opp tema i møter. Ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell, Øygarden ungdomsråd og Sund ungdomsråd hadde felles møte våren 2019 der dei mellom anna diskuterte samansetjing og talet på medlemer i nytt medverknadsorgan for ungdom i den nye kommunen. Dei tre ungdomsråda / UKS kom med innspel om alt mellom 10-15 medlemer til nytt UKS, og oppmoda om min. to medlemer frå kvar skule og geografisk spreiing av medlemene totalt sett. Grunngjevnaden for å ha med to medlemer frå kvar skule var behovet for å ha nokon andre å snakke med og førebu seg med til møta. Det var særleg aktuelt sidan ungdomsskulane vart behandla forskjellig, med to representantar frå dei fleste skulane og éin representant frå ein skule. Etter innspela på felles møte vart det utarbeidd sak om rekruttering av nye medlemer og vedtekter for nytt råd, og saka vart lagt fram for alle tre råda i løpet av hausten 2019. I saka og vedtekter vart det fremja 14 medlemer til UKS, to kandidatar frå kvar ungdomsskule og fire kandidatar frå vidaregåande skule, for å imøtekome innspel frå ungdomane. Med utgangspunkt i kort informasjonsfilm om ungdommens kommunestyre (UKS) gjekk rådsmedlemmene rundt på ungdomsskular og vidaregåande skular og informerte om rådet. Elevar i 8. og 9.klasse ved kvar ungdomsskule i ny kommune, og elevar i 1. og 2.klasse ved vidaregåande skule, fekk tilgang til digitalt søkerkjema og oppmoding om å sende inn grunngjeven søknad om å vere med i nytt UKS. Basert på innkomne søknader så har skuleleiinga v/ klassestyrar fått i oppgåve frå koordinatorar å velje ut kandidatar. Det vart såleis valt ut to kandidatar med vara frå kvar ungdomsskule der det var nok kandidatar. Frå vidaregåande skule var det berre fire kandidatar totalt sett som sendte inn søknad om å få vere med i UKS, og alle desse er fremja som medlemer i saka.

I ettertid har det vore diskusjonar blant koordinatorar for utvala om det kan vere uheldig med så mange som 14 medlemer i eit råd for ungdomar mellom 13-19 år. Kan sjølve gruppestørrelsen tale mot hensikta når saker skal diskuterast og alle skal kunne seie meininga si? Det vil heller ikkje vere mogleg å etablere eigne arbeidsutval i UKS, som kan jobbe fram saker mellom møta, og difor er det viktig med eit funksjonelt råd. Administrasjonen ser behovet for å redusere medlemene i utvalet med omsyn til funksjon. Talet på medlemer er redusert til 11 medlemer fordelt på fem medlemer frå ungdomsskulane (ein frå kvar ungdomsskule), fire medlemer frå vidaregåande skule, og to fristilte medlemer frå organisasjonar som representerer ungdom. Ved at ungdomsskulane vert behandla likt med ein representant kvar, og t.d. representantane frå vidaregåande skule får ei ekstra rolle som «fadder» for ungdomsskulerepresentantane i utvalet, så kan behovet for støtte som ungdomane har etterlyst, imøtekommast. I tillegg vil innslaget med to ekstramedlemer frå organisasjonar gjere sitt. Organisasjonen MOT har blitt føreslått i tidlegare saker til ungdomsråda, og dei vart såleis oppmoda om å kome med forslag til to medlemer og varamedlemer til UKS i år.

Følgjande 11 kandidatar vert såleis fremja frå ungdomsskular (5), vidaregåande skule (4) og organisasjonen MOT (2) til ungdommens kommunestyre (UKS) for to år, 2019-2023:

Medlemer:	Varamedlemer:
Adrian Aas Kleppe, 14 år (Fjell u.skule)	Anniken Schutz, 13 år (Fjell u.skule)
Marte Fjell Brommeland, 13 år (Tranev.u.)	Konrad Ørn, 12 år (Tranevågen u.skule)

Ingrid Skjold, 14 år (Danielsen u.skule)	Leo Jung, 14 år (Danielsen u.skule)
Håkon Øvretveit, 14 år (Sund u.skule) Rowena Risløw, 13 år (Øygarden u.skule) Stine Lundmark, 16 år (Sotra vgs) Viktoria Gushkova, 16 år (Sotra vgs) Geir Ove Spjeld, 15 år (Sotra vgs) Emil Øvretveit, 16 år (Amalie Skram vgs) ** Karoline Sæle Einevoll, 14 år (MOT) *** Thomas Mikal Hornnes, 15 år (MOT) ***	Ida Kvammen Rosendal, 14 år (Sund u.) Stefan Blom, 13 år (Øygarden u.skule) Therese Dyrøy, 17 år (Sotra vgs) * Marie Mjøs, 15 år (MOT) ***

* For å få vararepresentantar til vidaregåande skule så har rektor ved Sotra vgs kome med forslag til vara gjennom elevrådet.

** Grunna oppmoding frå Sund og Øygarden ungdomsråd så er kandidatar frå andre vidaregåande skular tekne med, så lenge dei er heimebuande i den nye kommunen.

*** Organisasjonen MOT har blitt førespurt om å kome med forslag til medlemer i år, men til neste val kan alle organisasjonar som representerer ungdom sende inn søknad om å vere kandidat.

Kommunestyret kan velje medlemer og varamedlemer til UKS slik som tilrådd i innstillinga.

Fast politisk kontaktperson for UKS

Ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell har hatt fast politisk kontaktperson frå kommunestyret sidan 2010. Ordninga har vore vellykka, og er ynskjeleg å ta med i nye Øygarden UKS. Det kan vere ordførar, varaordførar, utvalsleiar eller annan kommunestyrerrepresentant som tek på seg oppgåva, men det vesentlege er at representanten har møte- og talerett i UKS-møta og elles er tilgjengeleg for utvalet ved behov. Ei slik ordning med fast politisk kontaktperson vil også styrke gjennomslagskrafta for rådet, med omsyn til at kommunestyrerrepresentanten kan ta med seg innspela vidare som råd frå ungdomen når avgjersler skal takast.

Økonomiske konsekvensar:

Utvalet er lovpålagt på lik line med eldreråd og kommunalt råd for personar med nedsett funksjonsevne og kostnader til godtgjersle er lagt inn i budsjettet for 2020.

Sum disponibel til tilskotsordning for ungdommens kommunestyre (UKS).

Vurdering:

Øygarden kommunestyre skal velje eit medverknadsorgan for ungdom, ungdommens kommunestyre (UKS), for to år. Rådet er eit lovpålagt og rådgjevande organ for kommunen, og har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld ungdom.

Organisasjonar som representerer ungdomar har rett til å fremje kandidatar til rådet. Det har kome inn forslag til kandidatar frå organisasjonen MOT, etter førespurnad. Til neste val kan det leggjast ut generell oppmoding til organisasjonar som representerer ungdom om å sende inn forslag til kandidatar.

Kommunestyret skal vedta samansetjing og tal medlemer for rådet. I saka, og i forslag til reglement for ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden, er det lagt opp til val av 11

medlemer og varamedlemer der det er kandidatar tilgjengeleg. Samansetjinga av rådet legg opp til eit medlem frå kvar av dei fem ungdomsskulane, fire medlemer frå vidaregåande skule, og to fristilte medlemer frå organisasjon som representerer ungdom. Kandidatar til rådet er fremja i innstillinga.

I tillegg må kommunestyret velje ein politisk kontaktperson for UKS, med møte- og talerett, og som elles føl opp rådet ved behov.

Kommunestyret skal også godkjenne vedtekter for ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden, med eventuelle endringar.

Vedtekter for ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden

§ 1 Føremål

Ungdommens kommunestyre (UKS) er eit lovpålagt og rådgjevande organ for kommunen. Rådet skal representere interessene til ungdomar i kommunen, og sikre medverknad i alle saker som gjeld ungdomar.

§ 2 Val og samansetjing

Kommunestyret skal velje medverknadsorgan for ungdom, ungdommens kommunestyre (UKS), for ein valperiode på inntil to år. Kommunestyret skal vedta samansetjinga av UKS og talet på medlemer og varamedlemer.

Kommunelova set ikkje grenser for attval, men det er tilrådeleg med berre eitt attval for medlem dvs. maksimalt 2+2 år.

Ungdommens kommunestyre (UKS) skal vere sett saman av ungdom mellom 13-19 år, heimehøyrande i kommunen. Medlemene i UKS skal ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet. Det er krav om at kvart kjønn er representert med minst 40 % av medlemene og varamedlemene i UKS. Organisasjonar som representerer ungdom har rett til å fremje forslag om medlemer til rådet. Rekruttering av medlemer skjer elles etter forslag frå alle ungdomsskulane og vidaregåande skule i kommunen. I tillegg kan elevar på vidaregåande skular i byen søkje om å bli med i UKS, om dei er heimehøyrande og bur i kommunen.

Kommunestyret skal velje 11 medlemer og varamedlemer til UKS etter fremja forslag om eit medlem frå kvar av dei fem ungdomsskulane, fire medlemer frå vidaregåande skule, og to fristilte medlemer frå organisasjonar:

- Fjell ungdomsskule: 1 representant med vara frå 8. eller 9. klasse etter søknad.
- Tranevågen ungdomsskule: 1representant med vara frå 8. eller 9. klasse etter søknad.
- Danielsen ungdomsskule: 1representant med vara frå 8. eller 9. klasse etter søknad.
- Sund ungdomsskule: 1representant med vara frå 8. eller 9. klasse etter søknad.
- Øygarden ungdomsskule: 1 representant med vara frå 8. eller 9. klasse etter søknad.
- Vidaregåande skule: 4 representantar med vara frå 1. eller 2.klasse etter søknad, både frå Sotra vidaregåande skule avdeling Bildøy og Sund og annan vidaregåande skule om eleven er heimehøyrande og bur i Øygarden kommune
- Organisasjon som representerer ungdom: 2 representantar med vara (t.d. MOT)

Det er ungdommens kommunestyre (UKS) sjølv som skal velje leiar og nestleiar blant medlemene, på første møtet etter valet.

Kommunestyret skal også velje ein kommunestyrerrepresentant som fast politisk kontaktperson til UKS, med møte- og talerett, for kommunestyreperioden.

§ 3 Oppgåver og mynde

Ungdommens kommunestyre (UKS) har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld ungdom, som rådgjevande organ for kommunen. Plan- og bygningslova § 5-1 gjev kommunen eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad i planlegging frå grupper som krev særskilt tilrettelegging, som barn og unge.

Døme på saker på overordna nivå:

- Årsbudsjett og økonomiplanar
- Plansaker, blant anna lokaliseringspolitikk, byutvikling, nærmiljøutvikling
- Transport og tilgjenge
- Bustadutbygging og reguleringssaker
- Helse-, pleie og omsorg, inkl. folkehelse og førebyggjande tiltak
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Frivilligheitspolitikk
- Tilsynssaker
- Digitalisering
- Medverknad og ungdom som ressurs
- Årsmeldingar og rapportar frå etatar innan saksområder som gjeld ungdom
- Andre aktuelle saker, t.d. skule og miljø

Dersom kommunen er i tvil om ei sak bør takast opp i UKS bør dei spørje rådet om dei ønskjer å uttale seg i saka. Ungdommens kommunestyre (UKS) skal ikkje behandle saker som gjeld avgjersler ovanfor einskildpersonar.

Ungdommens kommunestyre (UKS) kan fritt og på eige initiativ ta opp saker som dei ønskjer å uttale seg om.

Ungdommens kommunestyre (UKS) får slik møte- og talerett i folkevalte organ; Når saker som ungdommens kommunestyre (UKS) har uttalt seg om, kjem til avgjerd i kommunestyret eller til organ med delegert avgjerdssrett, kan ein representant for rådet få ordet for å presisere standpunkt eller klare opp i mistydingar.

Ungdommens kommunestyre (UKS) har rett til å uttale seg før kommunestyret set ned eit sekretariat, fastset saksbehandlingsreglar og vedtek budsjett for UKS.

§ 4 Saksbehandling og rutinar

Ungdommens kommunestyre (UKS) vert definert som «andre kommunale organ» i kommunelova, og skal følgje saksbehandlingsreglar med møte, innkalling og saksliste og møtebok. Medlemene av UKS vert rekna som folkevalte, med same retter og plikter som andre folkevalte etter kommunelova, og med behov for opplæring.

Rutinar må etablerast slik at alle saker som gjeld levekåra for ungdomar vert lagt fram til handsaming hos UKS jf. rådet sin uttalerett. Ei eventuell uttale frå UKS skal følge saksdokumenta til det organet som avgjer saka endeleg.

Saker må leggjast fram for rådet for ungdommens kommunestyre (UKS) på eit så tidleg tidspunkt at ei eventuell uttale har sjanse til å påverke utfallet av saka. Det gjer at UKS må få sakene i rimeleg tid før endeleg avgjerd i kommunestyret. Det same gjeld for saker der avgjerdssretten er delegert. Planlegging av møtetider for rådet må ta omsyn til dette.

Ifølge kommunelova vil det ikkje vere mogleg å etablere ein eller fleire faste grupper med medlemmer av UKS for å behandle saker mellom rådsmøter. Det er altså ikkje aktuelt å lage underutval eller arbeidsutval i UKS.

Ungdommens kommunestyre (UKS) kan kalle inn representantar for administrasjonen når det er ønskjeleg med informasjon i einskildsaker eller saker av meir generell natur.

Ungdommens kommunestyre (UKS) skal få tilstrekkeleg med sekretariatshjelp frå kommunen sin administrasjon til å fungere godt.

Utval for tenester og levekår skal halde eitt statusmøte med UKS pr. år.

Ungdommens kommunestyre (UKS) skal utarbeide ei årsmelding til kommunestyret om drifta av rådet.

§ 5 Økonomi og administrasjon

Ungdommens kommunestyre (UKS) kan tildelast forvaltningsansvar over budsjettpostar som gjeld ungdom.

Ungdommens kommunestyre (UKS) får løyvd eigne midlar til tilskotsordning i samband med budsjetthandsaminga i kommunestyret.

§ 6 Gjeldande reglement

Reglementet gjeld frå vedtak i Øygarden kommunestyre 21.11.2019. Utover dette skal ungdommens kommunestyre (UKS) arbeide i samsvar med Lov om kommunar og fylkeskommunar, særleg § 5-12, Forskrift om medverknadsordningar og Rettleiar for ungdomsråd av 9.sept 2019).



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	21.11.2019	028/19
Valnemnda	19.11.2019	005/19

Val av kommunalt medlem og varamedlem til Øygarden kyrkjelege fellesråd for perioden 2019-2023

Samandrag:

Det skal veljast kommunalt medlem og varamedlem til kyrkjeleg fellesråd for valperioden.

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret vel slikt medlem og varamedlem til kyrkjeleg fellesråd for perioden 2019-2023:

Medlem	Varamedlem

Saksopplysningars:

I medhald av [kyrkjelova § 12B](#) skal det veljast eitt kommunalt medlem og eitt varamedlem til kyrkjeleg fellesråd. Valet skal gjelda for heile valperioden 2019-2023.

Øygarden kyrkjeleg fellesråd skal vere verksam frå 1. desember 2019.

Første møte i fellesrådet vert torsdag 28. november klokka 17.00 der det faste medlemet må møte.



Arkiv: FE-033

Arkivsaknr: 19/25 - 1

Sakshandsamar: Beate Hetlevik

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	21.11.2019	029/19
Valnemnda	19.11.2019	006/19

Val av representantar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval 2019 - 2023

Samandrag:

Hordaland fylkeskommune ber om representant med vara til Vestland vassregionutval og vassområdeutval for ny valperiode. For å få god forankring i kommunen rår fylkeskommunen til at ordførar er kommunen sin politiske representant.

Dokument vedlagt saka:

Tittel

Ber om kontaktpersonar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval 2019 -2023

Innstilling til vedtak:

Som politisk representant til Vestland regionutval og vassområdeutvalet for perioden 2019-2023 vert vald

Representant:	Vararepresentant:

Saksopplysningar:

Etter kommune og fylkestingsvalet 2019 er det behov for å velje nye kontaktpersonar til vassområdeutvala

Hordaland Fylkeskommune ber i brev av 03.10.19 om kontaktpersonar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval og skriv mellom anna dette:

For å få til god forankring i kommunen rår Hordaland fylkeskommune til i sitt brev at ordførar er kommunen sin politiske representant.

Kommunane har fram til og med 2019 vore representert i Hordaland vassregionutval ved ein politisk valt person og ein administrativ kontaktperson (bisetjar). Vassregionen er delt inn i vassområda Hardanger, Sunnhordland, Vest, Nordhordland og Voss- Osterfjorden. Dei same kontaktpersonane har vore representert både i vassregionutvalet og vassområdeutvalet. Vassregionutvalet er leia av fylkeskommunen medan vassområdeutvala er leia av ein kommune i vassområdet.

Frå årsskiftet vert vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland slege saman til Vestland vassregion. I høyringsutgåva til planprogrammet for den nye vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion, er det føreslege at kommunane vert representert i Vestland vassregion med ein kommune frå kvart vassområde. Det betyr i praksis at arbeidet i vassområdeutvala vert viktigare for kommunen.

Eit eige forum for dei administrative kontaktpersonane er oppretta (kalla prosjektgrupper). I vassområdeutvala er kommunane sentrale aktørar og utvalet er eit samarbeidsfora for kommunane om vassforvaltning. Statlege etatar vert invitert inn til møta når relevante tema står på programmet.

Både kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar har verkemiddel til å betre tilstanden i vatn. Vassforskrifta krev at vi utarbeider ein regional vassforvaltningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram. Fylkeskommunen har det koordinerande ansvaret for å utarbeide vassforvaltningsplanen. Kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar er plikta til å bidra inn i arbeidet. Vassregionutval og vassområdeutval er oppretta for å få til samarbeide om dette.

Administrativ representant vert vald av rådmannen.



Øygarden kommune
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Dato: 03.10.2019
Vår ref.: 2019/316-44
Saksbehandlar: sveklyv
Dykkar ref.:

Kontaktpersonar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval 2019 -2023

Etter kommune og fylkestingsvalet 2019 er det behov for å velje nye kontaktpersonar til vassområdeutvala. Vi ber kommunane sende oppdatert liste over politiske kontaktpersonar med vara for 2019 -2023 så snart som mogleg etter val av desse. Send også oversikt over administrativ kontaktperson for din kommune med vara. For å få til god forankring i kommunen rår vi til at ordførar er kommunen sin politiske representant. Det er viktig at den adm. personen har ein rolle innan fagtema plan, vatn, avløp eller landbruk, som er det området kommunen er sektormynda på etter Vassforskrifta. Sjå vedlegget over kven som sit som kontaktpersonar hjå dykk pr i dag.

Kommunane har fram til og med 2019 vore representert i Hordaland vassregionutval ved ein politisk valt person og ein administrativ kontaktperson (bisitjar). Vassregionen er delt inn i vassområda Hardanger, Sunnhordland, Vest, Nordhordland og Voss- Osterfjorden. Dei same kontaktpersonane har vore representert både i vassregionutvalet og vassområdeutvalet. Vassregionutvalet er leia av fylkeskommunen medan vassområdeutvala er leia av ein kommune i vassområdet.

Frå årsskiftet vert vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland slege saman til Vestland vassregion. I høyningsutgåva til planprogrammet for den nye vassforvalningsplanen for Vestland vassregion, er det føreslege at kommunane vert representert i Vestland vassregion med ein kommune frå kvart vassområde. Det betyr i praksis at arbeidet i vassområdeutvala vert viktigare for kommunen.

.Eit eige forum for dei administrative kontaktpersonane er oppretta (kalla prosjektgrupper).

I vassområdeutvala er kommunane sentrale aktørar og utvalet er eit samarbeidsforsa for kommunane om vassforvalting. Statlege etatar vert invitert inn til møta når relevante tema står på programmet.

Både kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar har verkemiddel til å betre tilstanden i vatn. Vassforskrifta krev at vi utarbeider ein regional vassforvalningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram. Fylkeskommunen har det koordinerande ansvaret for å utarbeide vassforvalningsplanen. Kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar er plikta til å bidra inn i arbeidet. Vassregionutval og vassområdeutval er oppretta for å få til samarbeide om dette.

Sølve Dag Sondbø
klima- og naturressurssjef

Sveinung Klyve
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 kontaktpersoner-hordaland-vassregion pr 2.10.2019